

ÅRSMELDING FOR HERØY SOKN 2023



Sitat frå «Lov om den norske kirke» (Kirkeloven)

Frå §9 Menighetsrådets oppgaver (første avsnitt):

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.»

Medlemmar av sokneråd frå 15. okt. 2019 - 1.nov. 2023:

Sissel Remøyholm - Leiar
Ellen Sundnes Kvalsund - Nestleiar
Hilde Karin Torgersen - Sekretær
Gerd Kopperstad
Beate Carita Myklebust
Melissa Nerland Paulsen
Hallgeir Frøystadvåg
Therese F. Igesund
Oddhild Brandal
Ivar Sulebakk
Svein Gjelseth - 1. vara Fast innkalla til soknerådsmøta
Olaus Jon Kopperstad - 2. vara
Liv T. Sundnes - vara
Roar Eide - vara

Geistleg representant i soknerådet:

Bjørn Gisle Leinebø til 1.febr 2021
Solfrid Leinebø Seljås frå 1.mars 2021

Medlemmer i Herøy Kyrkjelege Fellelråd til 1.nov 2023:

Hallgeir Frøystadvåg
Therese F. Igesund

Engasjement:

I tillegg har vi fleire frivillige som stiller opp og gjer ein god innsats for at alle tilboda/aktivitetar vi har i kyrkja kan gjennomførast på ein god måte. Det er vi svært takknemlege for. Nokre av dei frivillige er engasjerte i følgjande nemnder og utval.

Andre nemnder og utval:

Kveldsmessenemnda: Ny nemnd er under arbeid.

Gudstenesteutvalet: Karete Johannessen(leiar), Dag Johan Flattun, klokkar, Sissel Kvalsund Remøyholm(frå soknerådet), sokneprest.

Diakoniutvalet: Har ikkje fungert to siste åra. Ønske om å få det opp å gå etterkvart.
Grønt utval: Beathe C Myklebust og Oddhild Brandal er ein del av dette utvalet.

Trusopplæringsutvalet: **Har ikkje vore aktivt dette året.**

Kulturutval: Dag Johan Flattun, Liv Teige Sundnes, Hallgeir Hauge, Erling Oskar Nykrem(døde i -23) og sokneprest

Utsmykkingsnemnda: Svein Olav Hatlen (kallar inn til møta), Jorunn Johnsen, Ivar Sulebakk (frå soknerådet), Alette Teige

Fredagstreffet/ Tweens: Marit og Arnstein Leinebø, Bodil og Håkon Kopperstad, Øystein Nerland

Arbeidsutval : Sissel Kvalsund Remøyholm, Ellen Sundnes Kvalsund og sokneprest.

Ansvar for kyrkjekaffi: Alette Teige og Oddhild Brandal (frå soknerådet)

Faste aktivitetar i kyrkjelyden:

- Gudstenester/kveldsmesser
- Kyrkjeforeiningar
- Herøy kyrkjekor
- Søndagsskule v/ Beathe C. Myklebust
- Open barnehage + sangstund (annakvar gong babysong) v/ Karoline og Ragnhild vår 23. Kyrkjelydspedagog-vikar Bjørg Hadland Slotsvik, haust 23
- Supertorsdag v/ Karoline H. Kopperstad/Karl Anders Brendmo (vår), Bjørg Slotsvik (haust)
- Knøttekoret v/ Karoline H Kopperstad (vår), Ingrid Warholm + kantor m.fl. Haust 23: Kantor, Ingrid.
- Tweens 11 – 13 v/Øystein Nerland, Arnstein og Marit Leinebø m/fleire
- Herøy TenSing v/ diakon Ragnhild Danbolt Øygaard
- Ungdomsarbeid (Konfirmantarbeid/Konfirmantleir,) Vikarkyrkjelydsped Ann Kristin Fransen m.fl.
- KRIK Villmark v/ Øystein Nerland m.fl.
- Kyrkjegruppe v/Alette Teige
- Lovsangsgruppe: Har øvingar opp mot 1-2 Lovsingskveldar i semesteret.
- Andakter ved Herøy omsorgssenter ved sokneprest og organist

- Internasjonal bønnegruppe. Har ikkje vore aktiv to siste åra.
- Torsdag i kyrkja, sosial del/stillheit først, ulike tema/lovsongskveldar andre del, god gruppe frivillige hjelper til med planlegging og gjennomføring.
- Klede til glede ved diakon Ragnhild og dei som starta det: Lisa Leinebø Pinheiro, Malene Wolden og Anita Reite Onen. Sanitetskvinnene har no den daglege drifta i samarbeid med diakon
- Livsglede for eldre (Eldrefest) ved Herøy Vidaregåande Skule.
- Aktive menn (A-menn) på torsdagar og Tysdagslunsj v/Jack Remøy
- Kirkens SOS. Treng ny kontaktperson
- Kirkens Nødhjelp- kontakt / Karl Anders Brendmo(til aug.) Haust 23: diakon Ragnhild
- Dugnadsgruppa Stream v/ Arnstein Leinebø
- Hybelmiddag v/ Ragnhild D. Øygard, Kirsti Vattøy
- Grønt utval / Ragnhild og repr frå soknerådet
- Strikkekafe – starta opp i nov 23 på torsdagar i Kyrkjestova v/ Ann-Kristin Frantsen

I tillegg leiger Herøy kommune sine ”Sterk og stødig”-grupper gymsalen kvar torsdag formiddag til trim/styrketrening for aldersgruppa 70-92!

Årsmøtet for 2022 vart halde 27.april. Vi var samla i kyrkjelydssalen, og 36 personar møtte.

Solfrid opna og delte tankar om Det sanne vintreet og samanlikna ein kyrkjelyd med eit puslespel, der alle brikkene er viktige.

Roar Eide leia årsmøtedelen, og årsmelding frå dei ulike nemder og utval vart presentert av medlemmer i desse.

Musikkslag v/ Ragnhild Danbolt Øygard og Dag Johan Flattun (fele og piano)

Arbeidet i soknerådet i 2023:

Året 2023 var valår. I forkant av valet vart det jobba med å etablere eit felles sokneråd for alle tre sokna i Herøy. Det vart halde fleire møte for å finne ut om dette var aktuelt og ønska av fleirtalet i dei ulike sokna. Det resulterte i at Herøy og Indre Herøy sokn søkte Møre bispedøme om etablering av felles sokneråd, og på valdagen den 11.september, vart det valt representantar frå desse sokna, som skulle danne felles sokneråd for dei neste fire åra.

1. november var overgangsmøtet mellom det gamle soknerådet og det nye, felles soknerådet.

2023 var også jubileumsår for Herøy kyrkje, som vart innvia i februar 2003. Vi utsette feiringa av 20-års jubileet til utpå hausten, for ikkje å kollidere med 150-års-feiring av Leikanger kyrkje.

Jubileumsveka vart 22.okt -29.okt, og desse dagane skjedde det noko i kyrkja kvar dag, dei vanlege aktivitetane og ein del ekstra, bl.a. bibeltimar kvar føremiddag med tidlegare og noverande prestar, populært tiltak med godt oppmøte.

På kveldstid var det ulike samlingar som bl.a. Salmekveld, Fakkeltog/Opne dører, Syng med oss v/ Sjømannskyrkja.

Det vart halde 7 soknerådsmøte fram til overgangsmøtet den 1.nov, og det vart gjennomgått 31 saker, og i tillegg drøfta vi mange ulike orienteringssaker.

Soknerådet deltok også dette året på Sommardagar i Fosnavåg i lag med kyrkjestaben. Vi ga bort sveler, delte ut brosjyrer og selde lodd til inntekt for Herøy sokn sitt misjonsprosjekt i høve Vietnam-via Misjonsalliansen. Vi møtte mange positive Herøyfolk.

Det vart halde mange konsertar i kyrkja dette året; bl. a. Dalsfjord mannskor, Jobs bok v/ Ola Eide og Viggo Solum, Herøy og Ulstein mannskor, SKRUK, i tillegg til ulike julekonsertar i nov og des.

Noko av det som elles skjedde i 2023:

- I påsketider vart det utstilling av dåpskjolar, med god hjelp av Sanitetskvinnene og utsmykningsnemnda for andre år på rad. God oppslutning.
- 21. mai var 50-års konfirmantane samla til gudsteneste og eige opplegg med middag og kaffi etterpå. Positive deltakarar og flott tiltak.
- 18. juni var det utegudsteneste på Flåvær i strålande sol og med god oppslutning. Sunnmørsjekta «Anna Olava» frakta 50 passasjererar over til Flåvær tur-retur. Passasjerbåten «Skreddaren» frakta vel 50 passasjerar ut til øya. I tillegg kom det nokre familier «på eigen kjøp».
- Gjennom sommaren var det invitert til tidebøn kvar onsdag på nøkkelstaden/ pilgrimsstaden Herøy, og der vart det opna pilgrimssti med sju stasjonar med pilgrimsord.
- Det vart arrangert Kulturkveld i tunet på Herøy gard tysdag 29.aug. og Pilgrimsseglasset starta der 30. aug. i forbindelse med Møre Bispedømme sitt 40 års jubileum.
- Det vart halde «Open kyrkje», eit heilt døgn frå 16.-17. september, vart i kyrkjas regi, gjennomført av frivillige medarbeidarar. Vi var oppmoda om det frå bispekontoret. I etterkant har det blitt open kyrkje kvar første laurdag i månaden frå 21.00 - 01.00, med stigande oppmøte.
- Fellesavslutning for det gamle soknerådet med Gudspartikkelen v/Svein Tindberg. (20.sept)
- Julaftan vart det invitert til selskap på Kjeldsund for dei som ønska å feire jul i lag med andre. Dette vart arrangert i lag med Ulstein sokn, for andre året på rad. Nyttårsaftan vart det halde selskap i kyrkjelydssalen, for dei som ynskjer å ha nokon å vere saman med på nyårskvelden, for andre/tredje gongen.

Arbeidet i kyrkjelyden er avhengig av frivillige, og vi rettar stor takk til alle som bidreg med stort og smått!

Fosnavåg 10.04.2023

For Herøy sokneråd

Sissel Kvalsund Remøyholm

.....

Etter 1.november fekk vi EIT FELLES SOKNERÅD for Herøy sokn og Indre Herøy sokn.

Medlemmar av det nye felles soknerådet frå 1.nov 2023 – 1.nov 2027:

Camilla Kvalsvik Aksnes - Leiar
Magnar Storøy - Nestleiar
Kjell Rabben - Sekretær
Brit Hilde Slettebakk
Sigrunn Bigset
Lillian Annie Rafteseth
Therese Frøystad Igesund
Øyvind Granden Berg

Anne Kari Remøy - 1. vara
Kristian Arnevik - 2. vara
Svein Gjelseth, Frode Ryssevik- vara

Roar Jan Eide - vara
Kristin Mikalsen Gjerde - vara
Nina Skogli Kopperstad – vara
Anne Steinsvik Slettebakk – vara
Geir Sporstøl

Medlemmer i Herøy Kyrkjelege Fellestråd, frå dette nye soknerådet:

Therese F. Igesund
Kjell Rabben
Brit-Hilde Slettebakk
Sigrun Bigseth

Dei fyrste møta i det nye soknerådet gjekk med til å konstituere seg og orientere seg om begge sokna, om det som er likt og det som er ulikt.

Fosnavåg
For Herøy sokneråd
8.mai 2024

Camilla Kvalsvik Aksnes

Magnar Storøy